

Postadresse:	3550 Gol	Dato for tilsynet:	6. juni 2008
Besøksadresse:	Gamlevegen 4, Gol	Førre tilsyn:	19. november 2002
Organisasjonsnr.:	964 952 612	Rapportdato:	26. august 2008
Kommune:	0617 Gol	Talet på sider i rapporten:	5
Saksnr.:	461.2	Kontaktperson i verksemda:	Svein Eide
Arkivnr.:	2008/011.I.MVABU		
Internt rapportnr.:	08/4049		
Til stades frå verksemda:	Svein Eide Arnfinn Listøen Truls H. Hanssen Bjarne Storebråten Steingrim Toppen Anton Åsarmoen	Til stades frå tilsynsmyndighetenes kontrollgruppe:	Jan Vidar Skolt (Eltilsynet) Pål Bjerke (Branntilsynet) Geir Teigen (Arbeidstilsynet) Håkon Dalen (Fylkesmannen i Busekrud)

1. Innhald i rapporten

Rapporten omhandlar avvik og andre forhold som vart avdekka ved tilsynet.

2. Hovudkonklusjon

Vi fann ved tilsynet tre avvik. Avvika gjaldt manglande risikovurdering på el-området, mangelfullt avvikshandteringssystem og manglande oversikt over PCB-haldige vindauge og lysrørarmatur med PCB-haldige kondensatorar.

Gol renseanlegg syntest ved inspeksjonen som veldrevet og oversiktleg. Verksemda sitt internkontrollsystem virka solid og godt forankra i organisasjonen. Gol renseanlegg kan dokumentere god reinseeffekt for fosfor (96 %) i 2007. Arbeidstilsynet har ingen merknader til arbeidsmiljøforholda ved Gol renseanlegg. Leiinga og medarbeidarane har ein høg standard på arbeidsmiljøet sitt, og verksemda har eit godt og gjensidig samarbeid med bedriftshelsetenesta si.

3. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter eit tilsyn ved Gol rensesanlegg. Tilsynet inngår som ein del av dei planlagde samtidige tilsyna i regionen for 2008.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS-arbeidet) ved verksemda fungerer tilfredsstillande. Tilsynsmyndigheita fokuserte spesielt på områder som har betydning for verksemda si praktiske gjennomføring av internkontroll innan HMS.

Tilsynet omfatta blant anna undersøking av om:

- verksemda sitt system for internkontroll innan HMS er hensiktsmessig og dekkande
- aktivitetar utføres slik som skrive og uttalt
- verksemda når måla sine og driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene som myndigheitene har satt

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dei dokumenta som beskriv HMS-aktivitetane som verksemda skal utføre og dokumentere. Granskinga vart gjennomført i møte med sentrale personar i organisasjonen. Tilsynet omfatta òg ein inspeksjonsrunde på anlegget.

Rapporten omhandlar avvik og andre forhold som vart avdekka ved tilsynet.

Avvik definerast som brot på krav fastsett i eller i medhald av HMS-lovgivinga.

4. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- aktuelle lover og forskrifter
- dokumentasjon frå tidligare tilsyn som tilsynsetatane har gjennomført i verksemda
- verksemda sin eigen framlagte dokumentasjon om dagleg drift og forhold med relevans for helse, miljø og tryggleik
- utsløppsløyve for avløpsvatn inkludert overvart frå Gol kommune av 9. januar 2002 (anlegget sin utsløppsløyve)

Særleg aktuelle lover og forskrifter er som følgjer:

- Forskrift nr. 1127 av 12. juni 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Lov nr. 6 av 13. mars 1981 om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) med forskrifter
- Lov nr. 62 av 17. juni 2005 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) med forskrifter
- Lov nr. 20 av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) med forskrifter
- Lov nr. 4 av 24. mai 1929 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr (el-tilsynsloven) med forskrifter

Nyaste utgåve av lover og forskrifter finnast på www.lovdatab.no og www.regelhjelp.no.

5. Avvik

Avvik 1

Verksemnda hadde mangelfull risikovurdering på el-området.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 6.

Kommentarar

Frå Eltilsynet:

Verksemnda hadde ikkje kartlagt farar og problem for den elektriske installasjonen på anlegget, og vurdert risiko og utarbeida tilhøyrande planar og tiltak for å eventuelt redusere risikoforholda. Verksemnda må syte for å gjere ei slik risikovurdering.

Avvik 2

Verksemnda hadde mangelfulle rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av HMS-lovgivinga.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 7. I tillegg: Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn § 2-4.

Kommentarar

Frå Eltilsynet:

Det må opprettas egne sjekklister for det elektriske anlegget og elektrisk utstyr. Det elektriske anlegget må også kontrolleras av installatør. Hyppigheita av kontrollane må risikovurderas av verksemnda, men gjerne i samarbeid med installatør.

Frå Branntilsynet:

- Det vart observert manglar i forbindelse med tetting av gjennomføringar i brannavgrensande konstruksjonar.
- Rømmingsskilt frå verkstad var blokkert/ikkje synleg.

Systemet for kontroll, vedlikehald og ettersyn må revideras så dette omfattar alt utstyr, installasjonar og konstruksjonar som har betydning for HMS-arbeidet. Vidare må det gjennomførast regelmessig kontroll, vedlikehald og ettersyn ut i frå målsetninga i HMS-dokumentasjonen.

Frå Fylkesmannen:

Verksemnda kunne ved inspeksjonen ikkje dokumentere at mengdemålaren for vatn var kalibrert. Verksemnda må syte for regelmessig kalibrering av målaren, og at kalibreringa vert dokumentert.

Avvik 3

Verksemda hadde ikkje oversikt over PCB-haldige vindauge og lysrørarmatur med PCB-haldige kondensatorar.

Avvik frå

Produktforskriften § 3-1.

Kommentarar

Informasjonsark 2394/2008 om PCB frå Statens forurensningstilsyn vart delt ut ved tilsynet. Verksemdas representantar sa at dei mangla oversikt over PCB-haldige vindauge og lysrørarmatur med PCB-haldige kondensatorar. Verksemda må syte for å skaffa seg ein slik oversikt. PCB-haldige kondensatorar skal fjernast. Det er lov å bruke PCB-haldige vindauge, men dei skal merkast, så dei lettare kan identifiserast som farleg avfall viss dei vert bytta ut. Sjå www.ruteretur.no for bestilling av klistremerke.



**Isolerglass-
vindu med
PCB**

6. Oppsummeringsmøte

Ved oppsummeringsmøtet vart avvik og merknader gjennomgått, og prioriteringar av tiltak drøfta. Det var semje om at verksemda skal finne løysingar for å forbetre systemet for å ivareta HMS-arbeidet med utgangspunkt i rapporten, og at verksemda vil syte for systematisk å vedlikehalde eigne rutinar for HMS-arbeidet til einkvar tid.

7. Diverse

Sekundærrensekravet

Gol renseanlegg tilfredsstilte ikkje sekundærrensekravet i 2006 og i 2007 (sjå kapittel 14 i forurensningsforskriften og analysetal frå anlegget). Anlegget har per i dag ikkje krav til sekundærrensing. Ifølge verksemda sine representantar vil det neppe bli endringar ved anlegget i løpet av de næraste åra som gjer at sekundærrensekravet trer i kraft (sjå kommentarar til kapittel 14 i forurensningsforskriften på www.sft.no – Regelverk). Verksenda har likevel fokus på reinsing av organisk stoff.

For Fylkesmannen i Buskerud og for tilsynsgruppa

Håkon Dalen

Tilbakemeldingar frå verksemda sendast per e-post til hda@fmbu.no (Håkon Dalen).

Adresse ved bruk av ordinær post:

Fylkesmannen i Buskerud
Att. Håkon Dalen
Postboks 1604
3007 Drammen

Kontaktpersonar for fagspørsmål etter tilsynet:

Navn	e-post	Telefon sentralbord	Direkte telefon/mobil	Telefaks
Håkon Dalen (Fylkesmannen)	hda@fmbu.no	32 26 66 00	32 26 68 26 / 414 72 361	32 26 66 52
Geir Teigen (Arbeidstilsynet)	geir.teigen@atil.no	815 48 222	97 78 33 77	32 81 20 85
Pål Bjerke (Hallingdal brann- og redningsteneste IKS)	pal@hallingdal-brannvesen.no	32 08 29 50	32 08 29 51 / 971 46280	32 08 29 80
Jan Vidar Skolt (Hallingdal Kraftnett)	jan-vidar@hallingdal-kraftnett.no	32 08 71 00	32 08 71 46 / 902 28 118	32 08 71 50

Kopi til

Deltakarane frå dei andre tilsynsetatane
Hovudverneombod ved Gol renseanlegg